

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2013/358-42

Saksbehandlar

Kjartan Thoresen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2014/17	Formannskapet	06.03.2014
2014/14	Kommunestyret	20.03.2014

Kommunedelplan for omlegging av Fv 48 Løfallstrand - slutthandsaming

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand. Det er ikkje varsle motsegn til noko del av planforslaget slik det ligg føre og kommunestyret kan såleis eigengodkjenna planen.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

1. Alternativ 2 (omkøyringsveg "kote 70") vert gjort gjeldande. Alternativ 1 går ut av planen.
2. Ved endeleg vedtak av reguleringsplan skal kommunedelplanen si bandlegging av areal opphevast.

Behandling i Formannskapet den 06.03.2014

FRAMSETT FORSLAG FRÅ:

Arve Opsanger (Ap) – pkt. 1.

Alternativ 1 vert gjort gjeldande. Alternativ 2 går ut av planen.

- Innstillinga fekk 7 røyster, 2 røysta for Opsanger sitt forslag.

Innstilling frå Formannskapet den 06.03.2014

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand. Det er ikkje varsle motsegn til noko del av planforslaget slik det ligg føre og kommunestyret kan såleis eigengodkjenna planen.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

1. Alternativ 2 (omkøyringsveg "kote 70") vert gjort gjeldande. Alternativ 1 går ut av planen.
2. Ved endeleg vedtak av reguleringsplan skal kommunedelplanen si bandlegging av areal opphevast.

Behandling i Kommunestyret den 20.03.2014

- Innstillinga samråystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 20.03.2014

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand. Det er ikkje varsle motsegn til noko del av planforslaget slik det ligg føre og kommunestyret kan såleis eigengodkjenna planen.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

3. *Alternativ 2 (omkjøringsveg "kote 70") vert gjort gjeldande. Alternativ 1 går ut av planen.*
4. *Ved endelig vedtak av reguleringsplan skal kommunedelplanen si bandlegging av areal opphevast.*

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Kvinnherad kommune har teke initiativ til å utarbeide kommunedelplan for opprusting av veg Fv48 mellom Røyndalen og Geitebu, Løfallstrand. Kommunen er sjølv tiltakshavar til planarbeidet.

Flytting av ferjeleie frå Løfallstrand til Årsnes var lenge diskutert, og Kommunestyret i Kvinnherad kommune gjorde i 2004 vedtak om å flytte ferjeleiet til Årsnes. Vedtaket vart gjort på vilkår av at vegen frå Løfallstrand til Årsnes vart utbetra som del av utbygginga. Omlegging av vegparsellen gjennom Løfallstrand har vore drøfta i lang tid. Meir formelt vart omkjøringsalternativ drøfta i hovudplan for vegsamband Kvinnherad – Odda (Folgefondtunnelen) i 1988, og i kommuneplansamanheng vart dette stadfesta då kommunedelplanen for Rosendal-området vart vedteken i 2003. Her er ei omlegging av Fv48 ovanom busetnaden på Løfallstrand vist som ein illustrasjon i kommuneplankartet.


I dag er det registrert ei faktisk auke i trafikken, mellom anna som fylgje av flytting av ferjekaien frå Løfallstrand til Årsnes i 2010.

Kvinnherad kommune har blitt tilrådd av Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å utarbeide ein eigen kommunedelplan for området Røyndalen – Geitebu der opprusting av eksisterande veg vert vurdert opp mot ny omkjøringsveg.

Vurderte alternativ:

Alternativ 1 – opprusting av dagens trase – er delvis klarlagt gjennom gjeldane reguleringsplan for Fv48 frå gammal ferjekai på Løfallstrand og nordover i planområdet.

Tilsvarande reguleringsplan vert utarbeidd for strekninga sør for ferjekaien på Løfallstrand. Alternativet inneber at det på ei stripe med arealknappheit vert nytt a real til utviding av veg og etablering av g/s-veg. Byggjegrensa vil framleis vere 50 meter (jf. veglova §29 og rammeplan SVV region vest). Ved utarbeiding av reguleringsplan for heile vegstrekninga, vil talet på avkjørsler bli redusert. Val av stad for avkjørsler vil måtte vurderast nøyne med tanke på framtidig arealutvikling. Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsle bør avgrensast, og det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon



Figur 1: Planområdet.

utan gjennom reguleringsplan. Konsekvensvurderinga av temaet nærmiljø viser elles at vegen vil kunne opplevast som eit større hinder for lokal utvikling og interaksjon mellom areal på øvre og nedre sida av vegen.

Alternativ 2 – omkjøringsveg kote 70 – medfører at nytt areal vert tilgjengeleddgjort ved at hovudvegen vert flytta opp i lia. Vegen vert liggjande ovanfor eksisterande randutbygging, og i hovudsak ovanfor aktivt landbruksareal. Ny vegtrace vil likevel kunne skape barriere for beitedyr og drifting av utmarksareal.

Ny trase vil lite truleg medføre auka utbyggingspress på areal høgare oppe i lia, då areala er for bratte for utbyggingsaktivitetar. Ein vil få større nærleik til skogsressursane, og vil ved utbygging av alternativ 2 få lettare tilkomst til desse.

Ved utbygging av alternativ 2 må det takast stilling til status for eksisterande parsell av Fv 48. Denne vil truleg bli nedklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg. Driftskostnadene vert dermed overført til kommunen. Kommunen må også ta stilling til om vedteken reguleringsplan for oppgradering av deler av Fv 48 frå gamal ferjekai på Løfallstrand og nordover, framleis skal gjelde. Vegen vil elles i stor grad bli liggjande som i dag, med funksjon som ein lokal tilkomstveg.

Trafikken vil bli redusert, og byggjegrensa langsmed vegen vil bli redusert frå 50 meter til 30 eller 15 meter, alt etter om vegen vert plassert i haltdningsklasse 3 eller 4, jf rammeplan SVV region vest. Dette vil uansett betre tilhøva for eventuell vidare utvikling og utbygging av randsone-arealet langsmed vegen der ein i dag finn utbygging. Det vert enklare å få godkjent avkøyrlar, og barrieverknaden for interaksjon mellom areal på øvre og nedre sida av vegen, vert mindre.

Merknadar til planforslaget i høyringsperioden:
(alle merknadar ligg i sin heilskap i lenke under)

Styresmakter

NVE: tilrår alternativ 1 (skredfare).

Statens vegvesen: tilrår alternativ 1 (raskare finansiering og prioritering).

Fylkesmannen: tilrår alternativ 1 grunna landskapsinngrepa ved alternativ 2.

Fylkeskommunen: tilrår alternativ 2 etter at administrasjonen innstilte på alternativ 1.


Politiet: positive til alternativ 2, men peikar på at alternativ 1 er å føretrekka dersom dette er økonomisk mest realistisk.

Næringsliv

BKS industri, Fjordconsult AS, Kvinnherad Elektro, Hellesøy Holding AS og Norsafe AS ynskjer alle alternativ 2.

Grunneigarar

Delt syn, men flest ynskjer alternativ 2.



Figur 2: Plankart.

Økonomisk konsekvens:

Dersom alternativ 2 (omkjøringsveg) vert valt, er det stort sannsyn for at eksisterande veg gjennom Løfallstrand vert nedklassifisert til kommunal veg. Då må kommunen sjølv finansiere vedlikehald og eventuelle utbetringar. Fortsatt planarbeid (reguleringsplan), uansett alternativ, ikkje er fullfinansiert. Må eventuelt vurderast i sak om revidert budsjett 2014 i mai.

Naturmangfaldlova og miljømessig konsekvens:

Det er gjort grundige utgreiingar etter krava i naturmangfaldlova. Dette kjem fram av planomtale og konsekvensutgreiing.

Oppsummering og vurdering:

Føremålet med planarbeidet er å finna den totalt beste løysinga for fv 48 på strekninga Røynholm – Geitbu. Det er utarbeidd to alternativ til vegutbetring på strekninga.

Alternativ 1 (72 MNOK omfattar opprusting av eksisterande trase av fv 48 til å gjelda 2-felts veg med fortau/ gang-/sykkelveg. Her er store deler av traseen allereie ferdig regulert.

Alternativ 2 (92 MNOK + skredsikring, truleg + 15 MNOK) inneber ei omlegging av fylkesvegen lengre aust. Vegen vil då gå utanom busetnaden på Løfallstrand. Det vert ikkje bygd gang-/sykkelveg langs denne traseen.

Utbygging av alternativ 2 kan ha størst positive konsekvensar for vidare arealforvaltning på Løfallstrand. Dette er i hovudsak grunngjeve med redusert byggjegrense og kriterium tilsvarannde haldningsklasse 3 eller 4 for vurdering av avkøyrslar langsmed eksisterande veg. Ny omkjøringsveg på kote 70 vil kunne gi lettare tilkomst til skogsressursar, men vil truleg ikkje bidra til auka utbygging borte frå eksisterande utbyggingsstrukturar. Til det er terrenget for brattlendt.

Vedlegg:

- Plankart
- Føresegner

Lenker:

Samtlege saksdokument:

<http://innsyn.kvinnherad.kommune.no/Modules/innsyn.aspx?mode=sa&SelPanel=2&ObjectType=ePhorteCase&VariantType=Innsyn&ViewType=Detail&Query=ePhorteCase.ID:39308>

Planomtale:

http://webhotel2.gisline.no/GisLinePlanarkiv/1224/20120025/Dokumenter/18784%20130923%20KDP%20FV%2048%20L_fallstrand%20-%20planomtale.pdf